


NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM



NVIM



ÅRSMELDING

2014

Følgjande verksemder, institusjonar og organisasjonar er stiftarar av Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum:

Odda Kommune, Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: Tizir Titanium & Iron AS), AS Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Indre Hardanger), BKK, Bjølvefossen ASA (no: Elkem Bjølvefossen AS), DNN Industrier AS, E-CO Vannkraft AS, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & IT Forbundet), Energibedriftenes Landsforening (no: Energi Norge), E-verkenes fagforening Vestlandet, Haugaland Kraft AS, Hardanger og Voss regionråd (no: Hardangerrådet), Herdlandsfoss Kraftverk (no: overført til BKK), Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag (no: Hardanger Energi AS), Kvinnherad Energi AS, Lederne, Landsorganisasjonen i Noreg, Norsk Institutt for vannforskning (NIVA), NHO Hordaland, Norsk Arbeidsmandsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Industri Energi), Norges Ingeniør og Teknologorganisasjon (NITO), Norske Sivilingeniørers Foreining (no: Tekna), Odda Energi AS, Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), Statkraft Energi AS, Sunnhordland Kraftlag AS, Ullensvang herad.

Konst. dir. frå 01.10.2013-31.10.2014

Mette Haraldsen

Direktør (ny) frå 01.11.2014

Jan-Anders Dam-Nielsen

Avdelingsleiarar

Siri Jordal

Svein Jåstad (frå 01.04.2014)

Anne Gravdal

Revisor

Odda Revisjon AS v/statsaut. revisor

Nils Magnus Berge

Styret

Toralv Mikkelsen, styreleiar (*Odda kommune*)

Einar Steensnæs, nestleiar (*styreoppnemnd*)

Tore M. Sellæg (*Norsk Industri*)

Rolf Nesheim (*Hordaland Fylkeskommune*)

Hans Henrik Haukaas (*Statkraft*)

Terje Kollbotn (*LO i Indre Hardanger*)

Halvor Johan Bådsvik (*Museumslaget*)

Siri Jordal (*tilsette sin representant*)

Observatør

Bright Olav Samdal (*NVE*)

Styret hadde 4 styremøte og 1 telefonmøte i 2014 og handsama i alt 42 saker. Kvinner i styret utgjør 11 % av medlemmene.



NVIM overtok Skjeggedalstova frå Odda kommune i 2014 slik intensjonen var då NVIM hadde prosjektleiing for oppsetting i Skjeggedal

1. Organisasjon og ressursar

Museet vart stifta 9. desember 1988 som Odda Industristadmuseum. Stiftinga vart utvida i år 2000 og skifta namn til Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM), ei sjølvstendig stifting med eigne vedtekter og styre. Museet har hovudkontor i Naustbakken 7 i Tyssedal og forvaltar 33 bygg, av desse eig museet fem.

Museet arbeider etter følgjande føremålsparagraf som vart vedteken av stiftarane 11. april 2000:

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forskning og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.

Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkje interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefongata.

Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskraftshistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har òg som mål å bevare, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tyssø I).

NVIM sine driftsinntekter: Offentlege tilskot frå stat (Kulturdepartementet, Riksantikvaren og NVE), Hordaland fylkeskommune og Odda kommune, sponsorinntekter og eigeninntekter.

1.1. Personale og arbeidsmiljø

Ved NVIM vart det i 2014 utført 16,20 årsverk, i tillegg kjem frivillig innsats som er stipulert til 0,5 årsverk. I faste stillingar vart det utført 12,62 årsverk ved NVIM. Tilsette på engasjement, korttidstilsette og sysselsette utførde 3,58 årsverk og vart gjennomført av i alt 11 personar.

Randi Bårtvedt slutta som direktør etter over 25 år i som leiar for museet i oktober 2013. Mette Haraldsen var konstituert i stillinga til ny direktør, Jan-Anders Dam-Nielsen, var på plass 1. november 2014.

NVIM arbeider for likestilling mellom kjønna; organisatorisk, sosialt og lønsmessig. Fordelinga av menn og kvinner mellom dei fast tilsette er 50 % menn og 50 % kvinner. Direktør er mann og to av tre avdelingsleiarar er kvinner.

NVIM hadde i 2014 eit sjukefråver på 0,13% mot 1,32 % i 2013. Langtidssjukefråveret var på 0,05% mot 0,32 % i 2013. Korttidssjukefråveret var 0,08%. Vi hadde ingen arbeidsulukker. I eit år med store utfordringar – økonomi, manglande personale, ei lang rekkje store og små arrangement som alle på ein eller annan måte måtte gi sitt bidrag til viser dei tilsette igjen stor vilje, styrke og kreativitet. Dette viser igjen i det svært låge sjukefråveret i kombinasjon med det høge aktivitetsnivået.

NVIM er medlem av Odda bedriftshelseteneste. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.



Tilsette ved NVIM prøvde seg på Tyssø via Ferrata – klatring opp langs røyrgata i Tyssedal

1.2. Økonomi

Årsrekneskapen for 2014 viser et årsresultat på kr. 663 231,-. Etter overføringer frå bunden eigenkapital vert kr. 337 814,- overført til annan eigenkapital. Stiftinga har fri eigenkapital på kr. 572 645,- pr. 31.12.2014. Styret merkar seg at dette framleis er lågt, men vil setja i verk tiltak for å betre denne.

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen og balansen eit korrekt bilete av stoda til stiftinga Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum ved årsskiftet 2014/2015. Rekneskapen gjev god informasjon om drifta av museet. Det føreligg føresetnad om framleis drift, og styret si årsmelding og årsrekneskapen for 2014 er sett opp under denne føresetnad.

2. Museet som samfunnsaktør

NVIM feira i 2014 25 års jubileum og hovudmålsetting i jubileumsåret var å vera synlege og skape sterkare lokal forankring. Eit viktig innslag på fleire av arrangementa vår var «salongprat». Sentrale aktørar som uformelt panel i salongen i samtale med formidlar ved museet og der tilhøyrarane hadde høve til å stille spørsmål og delta i debatt. Dette er noko vi ønskjer å forsette med i 2015.

2.1. NVEs Museumsordning

NVIM er eit av to samarbeidsmuseum i NVEs museumsordning. Det andre er Norsk skogmuseum på Elverum.

Nettstaden www.vasskrafta.no er prioritert satsingsområde. No er 13 kraftverk presenterte, det er ikkje lagt ut fleire i 2014. Vi har arbeidd med å gjera vasskrafta.no til ein attraktivt reiskap i undervisning m.a. med forklarande filmsnuttar, oppgåver m/fasit, ordliste og interaktivitet. Eit viktig tiltak vi har starta med i 2014 er å oppdaterte sidene slik at dei vert meir moderne og lettare tilgjengeleg på alle plattformar. Arbeidet skal vera ferdig våren 2015.



Første trinn i Smelteverket rundt løypa ligg ikkje på Smelteverket. Det er i staden plassert ved sørlege innfarten til Odda der bautasteinen til minne om dr. Albert Petersson står. Anne Gravdal ved NVIM har utformaskiltet. Her er svenske barnebarn og oldebarn etter Odda sin industrielle grunnleggjar saman med ordførar John Opdal og Brita Jordal, NVIM

2.2. Utvikling på smelteverkstomta

Med tilskot frå Hordaland Fylkeskommune starta vi prosjektet «Smelteverket rundt - informasjonstavler på Smelteverksområdet». Her skal publikum får informasjon om bygningane på Smelteverkstomta.

Informasjonstavlene skal setjast opp ved aktuelle bygg og inneheld foto, teknisk og historisk informasjon om det einskilde bygget. Prosjektet skal vera ferdig i 2015.

I samband med utarbeiding av Riksantikvaren sitt mulighetsstudium for Smelteverket blei museet intervjuet og fekk koma med innspel.

2.3. European Route of Industrial Heritage (www.erih.net)

I ERIH-prosjektet deltok NVIM på kurs, samlingar og styringsgruppemøter. Prosjektleiar kom til Tyssedal med norsk presse og internasjonale turoperatørar. Dei fekk omvising på museet og klatretur langs røyrgata stod på programmet.

2.4. Industrimuseum.no

NVIM bidrege med artiklar til nettsida Industrimuseum.no. Dette er ein felles formidlingskanal for museumsnettverka for industrihistorie og arbeidarkultur og er eit ope tilbod til publikum. Her kan ein mellom anna lesa om Hardangerverket www.industrimuseum.no/hardangerverket.

3. Formidling, besøk og reiseliv

2014 var eit spanande og innhaldsrikt år for NVIM. Vi har tidlegare erfart at somrar med fint ver er dårlege «museumssomrar», men dette slo heldigvis ikkje til. Vi hadde omtrent same besøkstal i sommarsesongen som i 2013. Vi trur at dette heng saman med det auka besøket til Skjeggedal og «Trolltunga», kombinert med høg aktivitet på arrangement og undervisning kan NVIM vise til ei auke i besøk på 18,4 % frå 2013 til 2014.

I jubileumsåret hadde vi ei målsetting om å gjennomføre 25 arrangement. Ved utgangen av året kom vi til 20 arrangement - eit godkjend resultat.

3.1. Konsertar

Jubileumsgåva frå Oddakonsertene v/Gunn Gravdal og lokale ungdomsmusikarar var ein storslagen konsert i kraftstasjonen to dagar på rad. Det var fullt hus begge dagar.



Frå konserten «Spinningar» - den finaste gåva i jubileumsåret. Tusen takk til alle dei små og store som deltok i konserten og tusen takk til Gunn Gravdal som gjorde det mulig.

NVIM arrangerte jubileumskonert med Bjørn Berge i mai. Bjørn Berge var den første som heldt konert i kraftstasjonen etter han vart freda i 2000. 14 år seinare var artisten like begeistra for konertlokalet og akustikken – og publikum like fornøyd med musikken.

Kraftstasjonen var igjen arena under Hardanger Musikkfest med museet som arrangør. Slik har det vore sidan 1998. NVIM v/Odda Vitensenter var også med på arrangement utanfor Cyanamiden i samband med musikkfesten.

Fiolinist og kunstnar Ragin Wenk-Wolf entra scena i kraftstasjonen med førpremièren på oppsettinga «Ragin a la Mode». Arrangementet var eit samarbeid med Musikkens Venner Klassisk i Odda. I samband med konerten vart kraftstasjonen lyssett med ny utandørs opplysing – til stor applaus og begeistring frå dei besøkande.

Anna kvart år held Tyssedalkoret julekonerten sin i kraftstasjonen. I år var Odd Nordstoga som gjesteartist. Det vart ei flott og stemningsfull avslutting på jubileumsåret 2014.

3.2. Andre arrangement

På filmkvelden i februar viste museet begge Oddafilmane, frå 1963 og frå 2013, for nesten fullsett auditorium.

Same månad arrangerte museet bokslepp med journalist og forfattar Jan Gravdal (Jangen) og hans Bloggibok. Det var opplesingar og salongprat.

I slutten av februar inviterte museet til familiedagar på Odda Vitensenter. Barn kunne lage sitt eige fotoapparat, eit såkalla 'Pin-hole-kamera'.


8. mars feira vi den internasjonale Kvinnedagen med eit arrangement i Litteraturhuset. Tittelen var *Oddakvinner – med hud og hår*. Brita Jordal heldt foredrag og Gro Kollbotn tok ein salongprat med moderne Odda-kvinner.

I mai vart det dekkja bord til 319 gjester i eit lukka selskap i kraftstasjonen. Dette var ny rekord. Nøgde gjester naut lokal mat og underhaldning.

I byrjinga av juni arrangerte vi opning av nasjonal turistveg i Tyssedal saman med Statens vegvesen og Odda kommune. Det vart ei flott markering i Tyssedal sentrum der mange Tyssedøler møtte opp.

19. august var det hundre år sidan Dr. Albert Petersson forsvann. Gründaren av det moderne Odda bygde Oddafabrikkane. Fire etterkommarar etter Albert Petersson kom frå Sverige for heidre deira morfar og oldefar. Museet hadde regien under minnemarkeringen ved bautasteinen der det vart avduka ei informasjonstavle laga av NVIM. Seinare på dagen var det føredrag i Litteraturhuset. (sjå kap. 6.3)

I august vart Barnas Loppemarked arrangert i Folgefonngata. Regnværet skrudde seg av for anledningen og mange barn kom for å selje leiker og mange kom for å kjøpe. Museumskaféen i nr. 13 selde ut alt som var av kaker, saft og kaffi.



Borda vart svært mange og lange når stasjonen skulle husa 319 gjester til middag. God samarbeidspart var Tyssedal hotel.



Frå «Barnas Loppemarked» i Folgefonngata i august.

I september heldt NVIM eit føredrag om «Keisar Wilhelm II i Hardanger» i samband med overrekkinga av eit minneur i sølv frå keisaren som eigaren Knut Birkeland gav til museet. Samtidig vart det og halde foredrag om industriarkeologi v/ Randi Bardon og Asbjørn Engevik frå Univesitetet i Bergen.

NVIM bidro til to arrangement under Litteratursymposiet – eit i Oddasmia saman med Odda smedforening og omvisinga «Smelteverket rundt på 100 minutt» med Terje Kollbotn og Lars Ove Seljestad.

Den årlege juleverkstaden samla barn og vaksne i Folgefonngata første helga i desember. Dette populære arrangementet skjer i samarbeid med Museumslaget til NVIM.

Med støtte frå Odda Handelsstand (Odda By) hadde NVIM nisseshow og Luciafeiring på Odda Vitensenter på Luciadagen den 13. desember.

3.3. Undervisning

Undervisningstilbodet til NVIM er under stadig utvikling. De siste to åra har NVIM satsa mykje på å nå ut med dette tilbodet, m.a. med å sende ut faldar til alle skulane i regionen. Denne presenterer tilbodet NVIM har til alle klassetrinn i grunnskulen. Vi har dei siste åra jobba med å utvikle undervisningstilbodet på Odda Vitensenter. Skular i regionen er flinke å nytte tilboda.

3.4. Konferanse

Statkraftstova er nytta til konferansar, møte og seminar. Som vanleg var Statkraft på tur til kraftrike Vestlandet med nyttilsette både vår og haust. Lokale verksemder og Odda kommune nyttar seg av konferansetilbodet vårt.

3.5. Besøk

Fleire besøkande på alle arenaer og arrangement førte til gode besøkstall. Prøveprosjektet i Skjeggedal viste at det er eit potensiale slik at vi fortset å satse på både Skjeggedal og Lilletopp nå som turiststraumen til Skjeggedalsområdet er i enorm vekst. Vi jobbar tett saman med Opplev Odda og Reisemål Hardangerfjord.

3.6. Prosjekt

«Remote»

Formidlingsavdelinga fekk i oppdrag av Fylkesmannen i Hordaland til å bidra i eit EU-prosjekt kalla «Remote». Tema i prosjektet er meirverdi av vasskraftutbygging i fylket. NVIM fekk leiarrolla i eit samarbeidsprosjekt som skal utvikle og selje pakketurar til turistar som ynskjer å oppleve vasskraft og meirverdien den kan føra med seg for lokalsamfunnet. Partnerane i prosjektet er NVIM, Opplev Odda, Jåstad kraft/Grimo Cideri og Energiteknikk Dimmelsvik. Sjå film frå prosjektet: <http://www.remoteproject.eu/en/outcomes/videos/>

Nye nettsider

NVIM har byrja på arbeidet med å oppretta nye nettsider. Museets nettsider er rundt 15 år gamle, og i denne bransjen skjer ting fort og ein må fylgja med i tida skal ein halde merksemda oppe. Tilsette har delteke på kurs med leverandøren av dei nye sidene. Lansering er tenkt før sesongen i mai.



Foto Anne Gravdal, NVIM

NVIM har populære undervisningstilbod og talet på elevar i 2014 var stabilt samanlikna med 2013. Det er eit mål å auke dette i 2015.

4. Bygningar og anlegg

4.1. Tyssedal kraftanlegg

Det er i 2014 utført faste FDV-oppgåver (forvaltning, drift og vedlikehald) med støtte frå Riksantikvaren og periodisk vedlikehald med støtte frå NVE/OED. Arbeidet er i hovudsak utført av handverkarar frå bygg- og anleggsavdelinga ved NVIM. Viktigaste tiltak gjennomført av periodisk vedlikehald er:

- Puss- og malingsarbeid langs vestveggen og nordenden av kraftstasjonen
- Tetting og rehabilitering av vindauge i kraftstasjonen (enøk)
- Pussing og maling langs vegger og søyler
- Nedsliping, pussing og grunning/maling av to røyr i røyrkjellar sør

NVIM har leigd inn tenester til oppgradering av elektro.



Taket på Oddasmio – bygg 26 vart restaurert desember 2014.

På Lilletopp er prammen tjørebreidd og straumtilførsel er vidareført til spillhuset. I vokterboligen er golvet på kjøkkenet utbetra, brannmuren restaurert og vindauge malte. Vassforsyninga er utbetra og det er lagt varmekabel i vassleidninga.

Det er to avvik i forhold til oppsett plan:

- Vidareutvikling av fjernvarmeanlegget i kraftstasjonen er ikkje gjennomført. Dette skuldast at ny fjernvarmeavtale om drift og vedlikehald med TiZir (tidlegare: TTI) og A/S Tyssefaldene ikkje er på plass.
- Nedsliping, pussing og maling av to røyr i røyrkjellar sør er ikkje fullført. Dette skuldast at A/S Tyssefaldene ikkje har tetta taklekkasjar i røyrkjellar sør. Arbeidet med kartlegging av kjelde for lekkasje og tetting av denne er no i gang.

Arbeidet med nytt publikumstoalett er i gang nord i stasjonen. Dette arbeidet skal kombinerast med installasjon av eit avfuktingsanlegg.

I samarbeid med A/S Tyssefaldene er trabulanten langs sjøsidene av kraftstasjonen utvida og det er montert lys langs heile fasaden mot vest og nord. 14. oktober vart stasjonen lyssett mot sjøsidene. Hordaland fylkeskommune har løyvd 1,54 mill. og A/S Tyssefaldene har løyvd 0,77 mill. til prosjektet som no er fullført.

4.2. Bygg 026 / Oddasmio

I 2013 løyvde Hordaland fylkeskommune kr. 750 000 til Oddasmio. Etter at NVIM fekk medhald i klage til Miljøverndepartementet løyvde også Riksantikvaren 1 mill. til restaurering.

Takplatene over smia er skifta. I samband med dette arbeidet er taket isolert og det er montert akustikkplater innvendig. Gamle lysarmatur med kvikksølvperer er skifta ut til LED lys i same armaturane.

Becherhammaren er restaurert og det er laga nytt fundament til to nyrestaurerte smihamrar til. Det er bygd sveisebu i tilknytning til smia og delar av el installasjonen er utbetra og tilpassa fleire arbeidsstasjonar og sveisebua.

Hordaland fylkeskommune vedtok å etablere ei landsline for smedfaget (vg2) lokalisert til Odda vidaregåande skule med Oddasmio som undervisningslokale.

5. Dokumentasjon og samlingar

5.1. Senter for Industriarkiv - SINDARK:

Nettverksbygging har vore sentralt i Sindark-prosjektet og prosjektleiar har delteke på fleire arkivkonferansar i løpet av året. Industriarkivet er blitt eit funksjonelt og godt lokale for arkivarbeid. Det er eit avansert bygg med klimastyring og inngangskontroll, så det har vore mykje å lære for oss brukarar for at alt skal fungere optimalt. I januar kom endeleg smelteverksarkivet på plass i mottaksrommet i SINDARK. Arbeidet med grovordning har fortsett gjennom heile året, og arkivet byrjar å vise igjen i arkivrommet.

5.2. Dokumentasjonsprosjekt - Bjølvo

NVIM gjennomførte dokumentasjon av gamle Bjølvo kraftverk på oppdrag for Statkraft. Terje Kollbotn var prosjektleiar, elles deltok fotografane Harald Hognerud, Dag Endre Opedal og arkivar Siri Jordal i prosjektet. Det vart samla inn foto og film. Arkivmateriale vart kartlagd og er oppbevart på fleire stader; i Statsarkivet i Bergen, i Ålvik og i Statkraft Glomfjord. Det vart gjennomført omfattande fotodokumentasjon og filma nede i Ålvik og til fjells. Dokumentasjonen var ein tilleggskopiering til prosjektet som vart gjennomført av NVIM i 2005 og som då omfatta sjølve kraftstasjonen. For første gong hadde vi tilgang på helikopter og båt under dokumentasjons-prosessen. Dette gjorde resultatet veldig bra! Gruppa var og svært heldig med været i dei dagane dei arbeidde i fjellet ved Bjølsegrø. Intervju om produksjon og vedlikehald, samt drift av trallebanen vart stort sett teke in situ.

5.3. Albert Petersson 1870 - 1914

100-års markeringa av Albert Petersson sin bortgang den 16. august 1914 vart eit flott arrangement i samarbeid med etterkommarar frå Sverige, Odda kommune, Odd Fellow losjen. Parkvesenet rydda og oppgraderte parkområdet. Etterkommarane la ned krans, og det var taler av ordføraren og Albert Petersson sitt barnebarn, Ulf Ribbing. Odda Musikklag spelte. Det vart ein fin og verdig hyllest ved bautasteinen over grunnleggjaren av det industrielle Odda. Om kvelden inviterte vi til Albert Petersson-kveld i Litteraturhuset. Mette Haraldsen og Brita Jordal heldt foredrag basert på nye kjelder frå livet til Albert og Leonie Petersson. Det vart og vist hittil ukjende private foto av familien Petersson. Etterpå vart vi betre kjende med etterkommarane gjennom salongpraten Gro T. Kollbotn hadde med dei.



Frå dokumentasjonsprosjekt i Ålvik.

Over: Toppvaktboligen med ein glitrande hardangerfjord langt nedanfor.








Under: Prosjektlear Terje Kollbotn frå NVIM med informantane f.v. Sigbjørn Ålvik, Ole Johnny Hauger og Terje Lothe.



Til alle som besøkte oss, bidrog til samlingane, nytta seg av samlingane våre, kommenterte og likte på Facebook, eller var i kontakt med oss på annan måte:

Tusen takk for samarbeidet i jubileumsåret 2014.

Velkommen tilbake i 2015.

		
Torolv Mikkelsen, styrelseiar	Einar Steensnæs, nestleiar	Hans Henrik Haukaas, Styremedlem
		
Halvor Johan Bådsvik, styremedlem	Terje Follbotn, styremedlem	Siri Jordal, Styremedlem, repr. for dertilsette
		
Tore M. Sellæg Styremedlem	Rolf Neshheim, styremedlem	Jan Anders Dam-Nielsen direktor

Til styret i
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for stiftelsen Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum som viser et overskudd på kr 663 231. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2014, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftelsens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til stiftelsen Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum per 31. desember 2014 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon


Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener vi stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Odda, 26. februar 2015

Odda Revisjon AS


Nils Magnus Berge
Statsautorisert revisor

Resultatregnskap

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

	Note	2014	2013
DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Salgsinntekter		1 868 423	1 446 850
Billettinntekter		388 396	294 798
Tilskudd fra Odda Kommune		1 256 000	1 221 000
Tilskudd fra Stat og Fylke	2	6 819 822	6 798 147
Andre tilskudd	2	2 388 160	2 440 066
Årets inntektføring av periodiserte tilskudd		717 969	243 276
Andre driftsinntekter		254 071	115 925
Sum driftsinntekter		13 692 840	12 560 063
Varekostnad		238 929	181 845
Lønnskostnad	3, 14	8 576 014	8 712 560
Avskrivning varige driftsmidler	4, 11	118 586	134 185
Kostnader lokaler		1 111 773	1 049 452
Honorarer	3	1 045 595	657 099
Kontorkostnader		242 199	247 944
Reiser og kilometergodtgjørelse		210 648	325 779
Reklame, annonser og representasjon		230 664	261 608
Utstillinger og formidling		35 790	45 431
Serviceavtaler og forsikringer		182 932	180 501
Vedlikehold bygninger og utstyr		452 506	502 765
Andre driftskostnader		491 855	347 097
Driftsutgifter og vedlikehold "MY Tyssø"		61 984	36 445
Sum driftskostnader		12 999 476	12 682 711
Driftsresultat		693 364	-122 648
FINANSINNETEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Annen renteinntekt		107 312	93 440
Annen finansinntekt		34 309	31 654
Annen rentekostnad		171 754	171 052
Netto finansresultat		-30 133	-45 958
Ordinært resultat		663 231	-168 607
ÅRSRESULTAT		663 231	-168 607
OVERFØRINGER			
Overført til/ fra vedlikeholdsfond		422 089	-190 755
Overført til/ fra fond Vasskrafta.no		-96 672	-17 230
Overført til/ fra annen egenkapital		337 814	39 378
Sum overføringer		663 231	-168 607

Balanse

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

	Note	2014	2013
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Bygninger og annen fast eiendom	4, 12	3 225 884	3 259 487
MY Tysso	4	330 000	350 000
Driftsløsøre, inventar, kontormaskiner o.l.	4	254 769	214 233
Sum varige driftsmidler		3 810 653	3 823 720
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	5	49 270	49 270
Sum finansielle anleggsmidler		49 270	49 270
Sum anleggsmidler		3 859 923	3 872 990
Omløpsmidler			
Varer			
Varebeholdning	6	50 242	58 380
Sum varer		50 242	58 380
Fordringer			
Kundefordringer	7	783 862	688 883
Fordring prosjektmidler	8	212 500	150 000
Andre fordringer		215 296	45 152
Sum fordringer		1 211 658	884 035
Bankinnskudd, kontanter o.l.	9	4 710 193	3 124 588
Sum omløpsmidler		5 972 093	4 067 003
SUM EIENDELER		9 832 016	7 939 993

Balanse


Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

	Note	2014	2013
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Stiftelseskapskapital	10	260 000	260 000
Sum innskutt egenkapital		260 000	260 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	10	572 645	234 830
Fond Vasskrafta.no	10	84 750	181 422
Vedlikeholdsfond	10	923 898	501 809
Sum opptjent egenkapital		1 581 293	918 061
Sum egenkapital	10	1 841 293	1 178 061
Gjeld			
Avsetning for forpliktelser			
Periodisert tilskudd MY TYSSO	11	372 000	420 000
Sum avsetninger for forpliktelser		372 000	420 000
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	12	2 364 009	2 395 329
Sum annen langsiktig gjeld		2 364 009	2 395 329
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 155 984	454 342
Skyldige offentlige avgifter		285 214	412 000
Påløpt lønn, feriepenger ol.		789 862	820 290
Forskudd prosjekter	13	1 827 469	2 069 563
Annen kortsiktig gjeld		196 185	190 408
Sum kortsiktig gjeld		5 254 714	3 946 602
Sum gjeld		7 990 723	6 761 931
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		9 832 016	7 939 993


Tyssedal, 31.12.2014 / 26.02.2015

Styret for Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum



 Toralv Mikkelsen
 Styreleiar



 Einar Steensnæs
 Nestleiar



 Hans Henrik Haukaas
 Styremedlem



 Halvor Johan Badsvik
 Styremedlem


 Terje Kollbotn
 Styremedlem


 Siri Jordal
 Styremedlem


 Tore M. Sellæg
 Styremedlem


 Rolf Nesheim
 Styremedlem


 Jan-Anders Dam-Nielsen
 Direktør

Norsk Vasskraft- og Industridstadmuseum

Noter til regnskapet 2014

Note 1 Regnskapsprinsipper

Norsk Vasskraft og Industridstadmuseum er en privat stifting uten økonomisk vinning som formål. Regnskapet er satt opp i samsvar med stiftelsesloven, regnskapslova og god regnskapsskikk for små foretak.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring ved salg av varer skjer ved leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres. Ved utarbeidelse av regnskapet er sammenstillingsprinsippet lagt til grunn, slik at kostnader og inntekter er førte på den perioden de gjelder. Inntekter i tilknyttet prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene. Vedlikehold blir utgiftsførte løpende. Det samme gjelder utgifter til utstyr og anlegg.

Offentlige tilskudd

Driftstilskudd blir inntektsført brutto og i takt med vilkår som måtte være knyttet til tilskuddet. Tilskudd gitt til spesifikke prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene.

Investeringsstilskudd er ført både brutto og netto i balansen ut fra det som gir best informasjon. Bruttoføring vil si at tilskuddet nedskrives i takt med avskrivningen på den anskaffelsen tilskuddet er gitt til. Nettoføring vil si at tilskuddet går til fratrukk i eiendelens kostpris.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Ved vurdering av gjenvinnbart beløp og avskrivningsprofil vil anleggsmiddelets bruksverdi (evne til formålsoppnåelse) bli tillagt vekt i tillegg til økonomiske vurderinger.

Bevaringsverdige eiendeler

Historiske bygninger og andre bevaringsverdige eiendeler er oppført i balansen til anskaffelseskost. Vedlikehold og kostnader for å bringe bevaringsverdige eiendeler tilbake til opprinnelig stand, kostnadsføres løpende under driftskostnader.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives lineært over driftsmidlenes forventede levetid dersom de har en antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15 000. Vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader. Påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

Finansielle anleggsmidler

Investeringer aksjer og andre verdipapirer er vurdert etter kostmetoden. Investeringene blir nedskrevet til virkelig verdi dersom verdifallet ikke er forbigående.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringer.

Varelager

Varer er vurdert til laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi.

Norsk Vasskraft- og Industridstadmuseum

Noter til regnskapet 2014

Pensjoner

Pensjonsordninger finansiert via sikrede ordninger er i tråd med god regnskapsskikk for små foretak ikke balanseført. Pensjonspremien anses i disse tilfeller som pensjonskostnad og klassifiseres sammen med lønnskostnader.

Skatter

Stiftelsen er fritatt for skatteplikt etter skatteloven § 2-32 første ledd.

Endring av regnskapsprinsipp

Det har ikke vært endringer i regnskapsprinsipper i 2013.

Note 2 Spesifikasjon av offentlige tilskudd Stat, Fylke og andre

	2014	2013
Tilskudd fra Kulturdep. og Riksantikvaren	5 503 822	5 327 147
Tilskudd fra Fylkeskommunen	1 316 000	1 471 000
Tilskudd fra NVE	1 732 500	1 697 000
Tilskudd fra Tyssefaldene/ Statskraft	655 273	643 066
Tilskudd fra andre	387	100 000
Sum inntekter tilskudd	9 207 982	9 238 213

Note 3 Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm

	2014	2013
Netto lønnskostnader	6 526 789	6 751 467
Styrehonorar	27 500	25 500
Arbeidsgiveravgift	862 579	835 825
Pensjonskostnader	1 039 971	981 683
Andre personellkostnader	119 175	118 085
Sum personellkostnader	8 576 014	8 712 560

Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret	16,2	16,1
---	------	------

Museet er pliktig til å ha tjenstepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon. Museets pensjonsavtale tilfredsstiller kravene i denne loven.

Ytelser til ledende personer	Lønn	Pensjons- kostnader	Annen godtgjørelse
Direktør	652 942	131 514	4 016
Styre	0	0	0

Mette Haraldsen har vært ansatt som direktør fra 01.01.2014 til 31.10.2014. Jan-Anders Dam-Nielsen overtok som direktør fra 01.11.2014.

Det er ikke ytt lån eller stillet sikkerhet for ansatte eller tillitsvalgte i museet.

Revisor

Godtgjørelse til revisjon utgjør i 2014 kr 51 500 eks.fordelt mva. Godtgjørelse for andre tjenester utgjør kr 17 000 eks. fordelt mva.

Norsk Vasskraft- og Industridstadmuseum

Noter til regnskapet 2014

Note 4 Varige driftsmidler

	Bygninger og annen eiendom		Driftsløsøre, inventar og lignende.	Sum
		M/Y Tysso		
Anskaffelseskost 01.01	3 360 298	400 000	1 411 924	5 172 222
Tilgang kjøpte driftsmidler	1 206 266	0	206 748	1 413 014
- Avgang	0	0	0	0
- Mottatt offentlige investeringstilskudd	-1 206 266		-53 229	-1 259 495
Anskaffelseskost 31.12	3 360 298	400 000	1 565 443	5 325 741
Akkumulerte avskrivninger 01.01.	-100 811	-50 000	-1 197 691	-1 348 502
Akkumulerte avskrivninger 31.12.	-134 414	-70 000	-1 310 675	-1 515 088
Bokført verdi	3 225 884	330 000	254 769	3 810 653
Årets avskrivninger	33 603	20 000	112 984	
Tilbakeført periodisert investeringstilskudd		-20 000	-28 000	
Årets netto bokførte avskrivninger	33 603	0	84 984	118 586
Avskrivningssats	1 %	5 %	15% - 33,3%	
Avskrivningsplan	lineær	lineær	lineær	

Note 5 Investeringer i aksjer og andeler

Museet eier aksjer og andeler i følgende selskaper. Aksjer og andeler er langsiktige investeringer i samarbeidspartnere og er bokført til anskaffelseskost

Selskap	Anskaffelseskost	Bokført verdi	Eierandel
Reisemål Hardanger	2 000	2 000	< 10%
Fossenes Dal	2 500	2 500	< 10%
RIO AS	44 770	44 770	< 10%
Sum	49 270	49 270	

Note 6 Varelager

Varelageret består av bøker for videresalg og beholdning av billetter. Verdien av varelageret er sett til innkjøpspris for varene. Ukurante varer er nedskrevet til virkelig verdi

Varer	2014	2013
Opptalt varebeholdning bøker og billetter	59 413	71 456
Ukurans	-9 171	-13 076
Sum	50 242	58 380

Note 7 Kundefordringer

Kundefordringer er vurderte til pålydende etter avsetning til tap på usikre fordringer.

Kundefordringer	2014	2013
Kundefordringer til pålydende	463 862	343 975
Opptjente ikke fakturerte inntekter	400 000	344 908
Avsetning til tap på usikre fordringer	-80 000	0
Sum	783 862	688 883

Norsk Vasskraft- og Industridstadmuseum

Noter til regnskapet 2014

Note 8 Fordring på prosjektmidler

Muséet fått tilsagn om tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2014. Krav på restutbetaling av tilskudd er periodisert som forskudd på de forskjellige prosjekter slik:

Prosjekt	Beløp	Tilskudd gitt av:
Bokprosjekt karbidproduksjon	50 000	Odda Kommune
Ordning av arkivmateriale Harald Knutsson	10 000	Odda Kommune
Sikring av Smia - Odda Smelteverk	152 500	Stiftelsen UNI
Sum tilskudd	212 500	

Note 9 Bundne bankinnskudd

Av bankinnskudd utgjør bundne skattetreksmidler kr 318 195.

Note 10 Egenkapital

Stiftelseskapitalen er kr. 260 000 pr. 31.12.2014 og er uendret fra 2004.

	Stiftelses- kapital	Annen egenkapital	Fond Vasskrafta.no	Vedlikeholds- fond	Sum
Egenkapital 01.01	260 000	234 830	181 422	501 809	1 178 061
<u>Årets endring i egenkapital:</u>					
Overført fra vedlikeholdsfond		-422 089		422 089	0
Overført til fond Vasskrafta.no		96 672	-96 672		0
Årets resultat		663 231			663 231
Egenkapital 31.12.	260 000	572 645	84 750	923 898	1 841 293

Note 11 Periodisering tilskudd

Periodisert tilskudd til kjøp av MY Tyssø:

Muséet har mottatt kr 400 000 i offentlig tilskudd til kjøp av MY Tyssø. Tilskuddet blir inntektsført i takt med avskrivningene av MY Tyssø som avskrives over 20 år. Det er i 2014 inntektsført kr 20 000. Årets inntektsføring av tilskuddet blir tilbakeført mot avskrivningene. Se note 4. Rest periodisert tilskudd pr 31.12.2014 til kjøp av MY Tyssø utgjør kr 330 000.

Periodisert tilskudd til oppgradering av teknisk utstyr Tyssø 1:

Muséet har mottatt kr 140 000 i offentlig tilskudd til oppgradering av teknisk utstyr i Tyssø 1. Tilskuddet blir inntektsført i takt med avskrivningene av det tekniske utstyret som avskrives over 5 år. Det er i 2014 inntektsført kr 28 000. Årets inntektsføring av tilskuddet blir tilbakeført mot avskrivningene. Se note 4. Rest periodisert tilskudd pr 31.12.2014 til oppgradering av teknisk utstyr Tyssø 1 utgjør kr 42 000.

Norsk Vasskraft- og Industriadmuseet Noter til regnskapet 2014

Note 12 Langsiktig gjeld, pantstillelser og garantier mv.

Følgende gjeld er sikret med pant i eiendeler:	2014	2013
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	2 364 009	2 395 329
Sum pantsikret gjeld	2 364 009	2 395 329

Bokført verdi av eiendeler stilt som sikkerhet for bokført gjeld til kredittinstitusjoner	2014	2013
Bygninger, gnr 60 bnr 334	2 707 484	2 735 687
Totalt	2 707 484	2 735 687

Kr 2 118 404 av langsiktig gjeld forfaller senere enn 5 år etter regnskapsårets slutt.

Note 13 Forskudd prosjekter

Museet fått utbetalt tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2014. I tillegg har museet mottatt tilskudd til prosjekter som ikke var igangsatt pr 31.12.2014. Den ubenyttede delen av utbetalingene er ført i balansen som kortsiktig gjeld og fordeler seg slik:

Forskudd tilskudd	2014	2013
Prosjekter som ikke var fullført pr 31.12	1 656 469	548 563
Prosjekter som ikke var igangsatt pr 31.12	171 000	1 521 000
Sum	1 827 469	2 069 563

Note 14 Pensjonsordninger

Museet har inngått er pensjonsavtale med sine ansatte gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Det er meldt inn 16 aktive medlemmer og 3 pensjonister i ordningen pr 31.12.2014. Ordningen er en ytelsesplan som finansieres med 2% trekk i lønn fra de ansatte og den resterende del av premien dekkes av museet.

Pensjonsavtalen gir medlemmer av ordningen rett til en pensjon, inklusiv pensjon fra folketrygden, ved oppnådd pensjonsalder som svarer til 66% av lønn før fratredelse. Alle innbetalinger til forsikringsselskapet blir kostnadsført. For 2014 utgjør denne kostnaden kr 1 039 971 med tillegg av 10,6% arbeidsgiveravgift.

I følge aktuarberegning har museet en estimert, ikke balanseført pensjonsforpliktelse på:

	31.12.2014	31.12.2013
Brutto påløpt pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift	17 788 381	13 790 812
Pensjonsmidler	-11 131 507	-8 753 009
Arbeidsgiveravgift	705 629	534 007
Ikke resultatført aktuariell gevinst/ tap	-4 713 871	-1 835 119
Netto pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift	2 648 632	3 736 691

ALBERT PETERSSON

grunnleggjar av det industrielle Odda -.



Albert Petersson (1870-1914)

Leonie Petersson (1888-1910)